

## **MØTE I FAU 13.04.2023**

Stad: Rolland skule, kl. 19 – 21

1. Oppmøte: Ikkje møtt (Rektor), Lene Jakobsen (1A), Cecilie Kirø (1B), Ikkje møtt (2A), Hallstein Espelid (2B), Anette Fredheim (3A), Kristin Sande Endale (3B), Magne Aas (4A), Ikkje møtt (4B), Ikkje møtt (5A), Lisbeth Ruus (5B), Kristine Moldskred (6A), Elin Johnson (6B), Hege Høyland (7A), Ikkje møtt (7B)
2. Trafikk – Avis intervju  
FAU representantar har blitt intervjuet av Åsane Tidende for å sette fokus på den krevjande trafikksituasjonen ved Rolland skule avdeling Kollåsen.  
  
FAU sender ein ny e-post til idrettslaga og minner om parkeringsreglane ved Rolland skule på ettermiddagane. Sjekke tlf. nr. til trafikk-vakta i Bergen kommune.
3. Aktivitetsmidler rest  
Resterande beløp er ca. 8000 kr.  
Kva skal dei brukast til?  
Ukulele klassesett blir foreslått. Kristine undersøker kven som eventuelt kan halde kurs. Andre forslag: Drama/teater, sjakk-kurs, mat-kurs. Komme med fleire forslag til neste møte.  
FAU vedtek å söke om nye aktivitetsmidler til hausten.
4. Klassens runde  
1A: klasseregler ang. sosiale medier.  
Dette vart også teke opp på sist møte i FAU.  
Innspel: dersom ein ynsker dette, er det viktig å sørge for at det kjem på agendaen til foreldremøtet slik at folk kan tenke over og ta stilling til tema før møtet.
5. 17. mai tale, kven frå 7. trinn held talen  
Komiteen tek kontakt direkte med rektor for informasjon om tradisjonar vedrørande 17. mai.
6. Kvalitetsoppfølgingsmøtet  
Anette og Magne har byrja på forarbeidet. Dei lagar ein presentasjon som dei tek med til møtet. Det er ideelt om FAU kan seie noko om status og kome med innspel.  
Kva er ein idealsituasjon, og kva legg vi foreldre i det. Vi deler oss i to grupper og ser om vi kan finne noko i elev og foreldreundersøkingane om fokusområda som er valt.
7. Evaluering aktivitetar  
Teiknekurset fekk gode tilbakemeldingar. Det var mange med og det fungerte bra.  
Både dei som hadde kurset tykte det var kjekt, og foreldre gav tilbakemelding om at det var bra det var eit tilbod om noko anna enn idrett. 32 elevar deltok. Det var bra å

ha kontakt med vaktmeisteren, og ha god kontakt med ungdomane som hadde kurset. Passeleg med tid. Det varte 6 gongar.

Dansekurset var kaotisk første gongen, men vart betre struktur etter kvart. Det var 60 elevar med på kursa. Kursa var fire gongar, noko som var litt lite. Med fyrsteklassingane måtte det være fleire vaksne, ikkje berre to. Kanskje sette ei grense for antal plassar dersom vi skal ha det igjen.

I følge tilbakemelding frå elevar som var med på dansekurset, gjekk det litt for fort i instruksjonen. Burde være assistenter med å hjelpe til på kurset. Nivået instruktøren underviste i var litt for høgt i forhold til målgruppa. Det var vanskeleg koreografi i forhold til tid og nivå. Det fungerte best på partiet for dei eldste. Kanskje bruke meir amatørar/vidaregåandeelevar som instruktørar neste gong. Breakdance kunne vore aktuelt.

## 8. Eventuelt

17. mai budsjett. Komiteen Satsar på å gå i null. FAU meina ein bør satse på å gå litt i overskot slik at ein kan sikre vidare drift. Hege informerer komiteen om FAU sitt syn.

Karoline Tveitsme Henriksen trekk seg frå FAU. Magne Aas tek over som leiar og Ida Pugerud går inn som nestleiar.